

VEDLEGG



**DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT**

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen i Stortinget
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/4021-

6. desember 2021

**Representantforslag 28 LS (2021-2022) frå stortingsrepresentantane
Mímir Kristjánsson og Marie Sneve Martinussen om gjeninnføring av
feriepengar til dei arbeidslause**

Eg viser til brevet frå Arbeids- og sosialkomiteen 18. november 2021, og det vedlagde forslaget frå representantane Mímir Kristjánsson og Marie Sneve Martinussen om å gjeninnføre feriepengar i dagpengeordninga.

Det tidlegare ferietillegget i dagpengeordninga vart oppheva under den førre regjeringa. På bakgrunn av dei nyleg avslutta budsjettforhandlingane i Stortinget legg eg til grunn at det vert vedteken ei mellombels feriepengeordning for 2022, som inneber ei vidareføring av den vedtekne ordninga for 2021.

Representantane ber vidare om at regjeringa skal utreie eit forslag om å vidareføre eit slikt høve til å ta ferie med dagpengar, utan krav om aktivitet.

I tråd med budsjettforliket vil regjeringa komme attende til Stortinget med forslag til ei varig ordning for ferietillegg til dagpengar med opptening i 2022.

Departementet arbeider med å følgje opp saka.

Med helsing

Hadia Tajik